

Næringsavdelinga

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2010/67-51	Boxnr.:
Mottatt: 29 APR 2010	
Saksber.: ASR/SEB	Ark.: 410
Kopi:	Avskr.:



GOL KOMMUNE

Det kongelige Landbruks- og Matdepartement
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Arkivkode	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
V31 &13	10/719 - 2 - WS	201000067-/IAA	27.04.2010

UTTALE - FORSLAG OM ENDRINGAR I FOR-1997-05-02-423 - FORSKRIFT OM NYDYR KING

Saksopplysningar

I St. meld. nr 39 (2008-2009) Klimautfordringane – landbruket ein del av løysinga, er det vist til at eit virksomt tiltak for å redusere framtidig utslepp av CO2 frå jordbruksjord er å stanse nydyrking av myr.

Forskriften foreslås endra for areal definert som myr. Dette når arealet er større enn 2 dekar med minst 30 cm torvlag, og for areal som på grunn av manglande vedlikehald av drenering må karakteriserast som myr.

Beregning frå Bioforsk visar eit årleg CO2 utslepp frå dyrka myr på mellom 2-3 tonn pr daa, og tilseier at utslepp frå dyrka myr kan være 20-40 ganger større enn CO2 bindingen i naturleg myr. Det er spesielt viktig å unngå dyrking av djup myr der karboninnhaldet er størst. Tidlegare dyrka myr ute av produksjon kan fortsatt slippe ut CO2 og lystgass i lang tid etter at dyrkingen har opphørt.

Tilsette i jordbruksforvaltninga i Hallingdal og Øvre Numedal hadde høyringsforslaget til drøfting i møte 19.04.10. På møte kom ein fram til same konklusjon, og kommunane sender samsvarande uttaler.

Vurdering

Det ligg betydelege dyrkbare myrareal i kommunane i Hallingdal og Øvre Numedal og dette er ein viktig ressurs for kvar enkelt gard og for jordbruket i regionen. Arealane har potensiale for auka matproduksjon og styrking av driftsgrunnlaget på gardane.

I store delar av Hallingdal og øvre Buskerud er det press på leigejord, og det er knapt areal som ikkje blir drive. Det blir til dels leigd jord langt vekk frå driftssenteret og dette fører til store transportkostnader og CO2 utslepp. Ein kan ikkje sjå at CO2 utslepp ved transport over store avstandar er eit betre alternativ enn utslepp frå dyrka myr.

Biologisk mangfold og kulturminner, side 3, avsnitt 2 i høyringsbrevet. Ein kan ein ikkje sjå at ein må innføre eit forbud mot dyrking av myr for å sikre biologisk mangfold og



kulturminner. Biologisk mangfold og kulturminner ivaretas i dag godt gjennom gjeldande forskrifts § 1, 5,9 og 10. I tillegg skal ein vurdere nydyrkingstiltak etter Naturmangfoldslova.

Ein vil framover ha ein stor utfordring ved å skaffe nok mat. Presset på dyrka og dyrkbar jord til andre føremål enn matproduksjon er i dag stort, og regjeringa har tatt til orde for eit sterkare jordvern for å sikre framtidig matproduksjon. Fornuftig dyrking av myr der matproduksjon er grunnlaget, vil vera med å sikre behovet for mat i framtida. Dette må opplagt ha ein større verdi enn bruk av fossilt brennstoff til andre føremål.


Usikkerheit rundt klimaverknaden ved dyrking av myr er stor. Forslaget synes å vera tatt ut frå einseitig vinkling av verknadar. Før det vert sett i verk slike tiltak, må ein ha eit betre grunnlag å fatte beslutningen på, og konsekvensane må utredes betre. Eit forbud kan føre til at dei bruka som ikkje har alternativ for dyrking, ikkje ser seg i stand til fortsatt drift. Dette vil ha store samfunnsmessige konsekvensar i våre område og negativt med tanke på framtidig behov for mat. Ein kan derfor ikkje støtte det som står i punkt 5 i høyringsbrevet om at samfunnskostnaden med tiltaket antas å vera låg.

Administrativ uttale:

Eit forbud mot oppdyrking av myr slik det går fram av høyringsforslaget, vil ha store konsekvensar for den enkelte primærprodusent, landbruket i regionen og nasjonalt. Administrasjonen ved landbruksavdelingane i Hemsedal, Gol, Nes, Flå, Nore og Uvdal og Rollag kommunar kan derfor ikkje støtte Landbruks- og matdepartementet sitt forslag av 17.02.10 om endring av nydyrkingsforskrifta.

Ver venleg å oppgje vår referanse ved kontakt pr. brev eller telefon.

Med helsing
Gol kommune



Petter Owesen
avdelingsleiar

Hemsedal kommune

Ola Frogner
konst. teknisk sjef

Nes og Flå kommunar

Svein Magne Bråten
jordbrukssjef

Nore og Uvdal kommune

Linda Johansson
jordbrukssjef

Rollag kommune

Knut Landsverk
jordbrukssjef